

Oddbjørn Leirvik:

## Religion som velferdsgode?

*Kirke og kultur* 4: 2016, s. 309-311.

Som fleire artiklar i dette nummeret av *Kirke og kultur* viser (jf. også Bjørn Sandviks artikkel i nr. 3), står spørsmålet om framtidig finansiering av trus- og livssynsfeltet no til diskusjon. Regjeringa har signalisert at ho neste år vil legge fram ei heilskapleg lov for trus- og livssynssamfunn. Lova vil omfatte finansieringsordningar for Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn. Samtidig arbeider Kulturdepartementet med ei stortingsmelding om kva slags prinsipp som i tida framover skal leggest til grunn for trus- og livssynspolitikken (støtteordningane inkludert).

Dagens finansieringsordningar på trus- og livssynsfeltet er nokså unike, internasjonalt sett. Dei inneber at alle registrerte trus- og livssynssamfunn i prinsippet har rett på det same kronebeløpet per medlem som Den norske kyrkja mottar frå stat og kommune for sine medlemmar. Dei kommunale kyrkjebudsjetta varierer i storleik men i snitt får trus- og livssynssamfunna til saman ca. 900 kroner i støtte per medlem, frå stat og kommune.

Bakgrunnen for denne tilsynelatande sjenerøsiteten er det gamle statskyrkjesystemet. Sidan vi i Norge ikkje opererer med ein særskilt kyrkjeskatt, har det vore behov for ei kompensatorisk ordning for dei som ikkje er medlemmar av Den norske kyrkja men likevel er med og finansierer henne gjennom den allmenne skattlegginga. Sidan Lov om trdomssamfunn og ymist anna vart vedtatt i 1969, er det dei registrerte trussamfunna og ikkje den einskilde skatteytar som får kyrkjedelen av skatten «refundert». Human-Etisk Forbund og andre livssynssamfunn kom inn under den same ordninga i 1981.

Sjølv om det stadig blir diskutert kva slags utgifter som skal reknast inn under kyrkjebudsjettet og dermed kompenseras, må stønadsordningane kunne seiast å ha vore ei nokså liberal praktisering av statskyrkjeordninga. Slik sett har Norge både statsstøtta fritenkeri og statsfinansierte, konkurrerande konfesjonar og religionar.

Men korleis skal ein tenkje om denne ordningar når statskyrkjeordninga no blir avvikla? Kan ein finne ei positiv grunngiving for støtteordningane som går utover det reine ikkje-diskrimineringsprinsippet? Frå byrjinga av 2000-talet har uttrykket «aktivt støttande religionspolitikk» vunne stadig større oppslutnad på politisk hald. Formelen vart først lansert i rapporten *Same kirke – ny ordning* frå det kyrkjelege Bakkevig-utvalet (2002) og har seinare – i den meir korrekte forma «aktivt støttande trus- og livssynspolitik» – blitt repetert både av det statlege Gjønnnes-utvalet som la fram si utgreiing om stat og kyrkje i 2006 og i stortingsmeldinga om stat og kyrkje frå 2008. Det var denne stortingsmeldinga som låg til grunn for grunnlovsendingane som vart vedtatt i 2012.

I alle dei nemnde dokumenta finn vi ei grunnleggande positiv vurdering av trus- og livssynssamfunna sin identitetsskapande og fellesskapsbyggande funksjon. Stortingsmeldinga frå 2008 omtaler trus- og livssynsfellesskapa som viktige verdiformidlarar og tradisjonsberarar og slår fast at «tro, religion og livssyn er positive verdier for den enkelte og for samfunnet og kan binde sammen og skape fellesskap i et pluralistisk samfunn».

Slik eg tolkar denne prosessen, er det dette grunnleggande positive synet på trus- og livssynssamfunna sin samfunnsgagnlege funksjon som no er den berande premissen for dei finansielle støtteordningane. I 2012 fekk støtteordningane eit grunnlovsfundament i og med formuleringa i § 16 om at «alle tros- og livssynssamfunn skal understøttes på lik linje». Sidan utgangspunktet er at Den norske kyrkja «understøttes som sådan av staten», handlar det framleis om kompensatoriske ordningar. Men det har kome eit nytt moment i tillegg, nemleg prinsippet om ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikkk som igjen er tufta på eit grunnleggande positivt syn på religionane si samfunnsbyggande rolle.

Men kva då med alt det som skjer i namnet til religionane og som – i lys av det norske samfunnet sitt verdigrunnlag – ikkje kan seiast å vere verdifullt eller samfunnsgagnleg? Skal det kunne settast verdimeslige vilkår for å kunne få offentleg støtte? Her er det ikkje mykje hjelp å finn i dei nemnde dokumenta. Bakkevig-utvalet, Gjønnnes-utvalet og Stortingsmeldinga frå 2008 repeterer nesten ordrett formuleringa at «tru og livssyn kan også vere kjelder til konflikt», men berre en passant før ein igjen peikar på alt det gode og nyttige som trus- og livssynsfellesskapa står for.

Dei politiske dokumenta sitt svært knappe omkved om konfliktpotensialet i religionane og livssyna må kunne seiast å vere litt av eit understatement. Då den raud-grøne regjeringa sette ned det såkalla Stålsett-utvalet som i 2013 (under overskrifta «Det livssynsåpne samfunn») leverte si utgreiing om ein heilskapleg trus- og livssynspolitikkk var då også konfliktpotensialet langt tydelegare markert i mandatet.

Fleirtalet i Stålsett-utvalet gav sin tilslutnad til prinsippet om ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikkk, men foreslo samtidig nokre vilkår for å kunne ta imot offentleg støtte. For eksempel gjekk eit (rett nok knapt) fleirtal i utvalet inn for vilkåret at kvinner og menn må ha lik tilgang til styrande organ i trussamfunnet. I tillegg foreslo ein at trussamfunn som vil ta imot støtte ikkje må forsvare fysisk straffing av barn; ikkje gi sin tilslutnad til illegitime valdshandlingar og straffereaksjonar som bryt med grunnleggande menneskerettar; og ikkje prøve å hindre medlemmar i å melde seg ut eller skifte tru.

Dei konkrete avgrensingane, og korleis dei eventuelt skal handhevast, kan og må diskuterast. Men det ligg i saka sin natur at dersom ein legg til grunn for dei statlege støtteordningane at trus- og livssynssamfunn har ein samfunnsbyggande funksjonen, må ein også kunne formulere nokre verdibaserte minimumsvilkår og sette nokre grenser for haldningar og handlingar som trugar både fellesskapet og det sårbare enkeltmennesket.

Det har slått meg at dagens støtteordningar på trus- og livssynsfeltet, med den nyformulerte grunngevinga om ein aktivt støttande religionspolitikkk, behandlar tru og livssyn nærast som eit velferdsgode som det er gode grunnar til at det offentlege skal støtte opp under. Omfanget av og forma til denne støtta vil i tida som kjem bli føremål for politisk diskusjon. Men den nye § 16 i Grunnlova vidarefører ikkje berre det ikkje-diskriminerande prinsippet bak dagens støtteordningar. Les vi grunnlovsparagrafen i lys av forarbeida, speglar den også (på ein velferdsstatleg måte) prinsippet om ein aktivt støttande religionspolitikkk.

Den aktivt støttande politikken er bevaringsverdig. Men det ligg i sakas natur at dersom staten skal vere aktivt støttande og ikkje berre passivt beskyttande når det gjeld tru og livssyn, vil staten også måtte formulere nokre vilkår for offentleg støtte. Derfor må den komande diskusjonen om finansieringsordningar ikkje berre handle om form og omfang på den offentlege støtta, men også om verdimeslige vilkår og menneskerettslege avvegingar – for eksempel når det gjeld trusfridommen versus forskjellsbehandling av kvinner og homofile.